

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 64/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

Søknad om tilskot - Panoramavegen

Fjellstyret gav i 2002 Panoramavegen tilbud om eit tilskot på kr 125.000 for å leggja om vegen ved Rensenn. Bakgrunn for tilbudet var å få til ein betre badeplass og at stølsvegen samstundes fekk ein betre veg forbi Rensenn.

Entreprenøren opplyste at dette beløpet skulle vera dekkande for arbeidet når stølsvegen dekkar utgiftene til grusing. Kostnadene til grusing var noko som dei uansett måtte ta på den gamle vegen langs Rensenn. Det vart gjort munnleg avtale om at Panoramavegen aksepterte tilbudet og at dei sto ansvarleg for prosjektet.

Seinare vart fjellstyret kontakta då stølsvegen meinte det var nødvendig med eit bærelag før oppgrusing. Det vart reist spørsmål om fjellstyret kunne dekke desse utgiftene og dei fekk tilbakemelding om at fjellstyret ikkje hadde avsett meir til prosjektet.

Panoramavegen har totalt hatt ei utgift på kr 350.398. Dette er i følgje stølsvegen kr 144.112 meir enn dei hadde kalkulert med. Ekstra kostnader knyter seg til m.a. at entreprenøren hadde gjeve tilbud utan mva og ekstra utgifter til bærelag.

Panoramavegen orienterer i brev datert 8.9.04 om utgiftene knytt til prosjektet og søker fjellstyret om å få dekkja sine ekstrakostnader på kr 144.122.

Utdrag frå rekneskapet for stølsvegen dei siste fire åra:

	2003	2002	2001	2000
Driftsinntekter	1.987.459	1.458.743	989.691	1.054.282
Driftskostnader	2.224.508	1.412.306	969.523	1.672.212
Driftsresultat	-237.049	46.437	20.167	-617.930
Eigenkapital/gjeld	1.994.341	1.878.831	1.434.054	2.105.019

I note til rekneskapet står det at fond frå eingongsavgift på kr 1.592.882 er bunde eigekapital til dei "grøne korta" går ut.

Vedtak:

Fjellstyret meiner at auka kostnader i utgangspunktet er stølsvegen sitt ansvar, men ut frå at tiltaket vart gjort etter oppfordring frå fjellstyret finn ein å gi eit tilskot på kr 75.000 for å dekke delar av ekstrakostnadane. Tilskotet vil bli utbetalt i løpet av 2005.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Panoramavegen